

## Blue-Boss-Bob vil komme på besøk!

Med inspirasjon frå idéen "Kysten – frå leikeplass til boss plass" har kunstnarane Elizabeth Roberts (USA), Jan Willy Folgerø-Holm, Martha Christensen og Janne Robberstad i samarbeid med Bømlo Kunstlag sin hardtarbeidande kunstgerilja laga ein nesten 3 meter lang blåstål, med fornamnet **Blue-Boss-Bob!** Han er laga av havplast samla inn langs strendene på Bømlo, festa på eit skjelett av stål. Sjølv om han er laga av søppel, er han både vakker og truverdig, og fasinerer både vaksne og born. Ungar blir begeistra når dei kjenner att strandleker, tannkostar og brus korkar på fisken, dei vaksne blir gjerne litt ettertenksame. Fisken er laga for å skape diskusjon og bevissthet rundt forsøpling generelt, og havplast spesielt. Den fungerer ypparleg som ein inspirerende inngongsportal for opplæring om hav-helse, om livet i havet og kva ein kan gjere for å førebygge hav-forureining.

Rundt 80% av plastavfallet som havnar i havet kjem frå land, og mykje av det er eingongsplast som det er relativt lett å redusera bruken av. Plast er ekstra farleg, då det binder til seg andre giftege kjemikalier. Etterkvart som plast vert broten opp i mindre bitar, kan desse verte fiskemat, og dei giftige kjemikaliane set seg i feittet og kjøtet, som er dei delane både større fiskar og menneske likar å ete. Slik forplantar problemet seg oppover i økosystemet.



Fisken vart laga sommaren 2017, og står no Bømlo Kulturhus. Rundt 60 ivrige barnehageborn var med og tok imot han der. Blue-Boss-Bob vart veldig glad for velkomsten, og trivst godt i den nye heimen sin. Men han er samstundes ei rastlaus sjel og vil ut på turné og treffa andre born, unge og vaksne for å driva aktivt haldningsskapande arbeid langs kysten. Etter nyttår er han difor reiseklar! Tannkostane er alt skrudd på plass i toppfinna! Dersom de vil at han skal koma på vitjing til dykk, tar de kontakt med Robberstad for å organisera reisa. Han vil stå inne, og håpar å treffe mange nye venner. Han er ca. 280 x 150 x 120 cm og veg ca 150 kilo. De må betala frakt pluss 5000,- i leige for 4 månadar. Som sagt, er han ein rastlaus fisk, så då vil han nok svømme vidare til neste hamn. Eller museum. Eller skule. Eller liknande. Me kan hjelpe til med eit pedagogisk undervisningsopplegg i samband med utstillinga. Sjølv er han ein fisk av få ord. Ta kontakt for detaljar.

Kontakt: Janne Robberstad, [janne@spotogspindel.no](mailto:janne@spotogspindel.no), 53 42 19 20 / 95 24 54 62





Til venstre: Foto frå informasjon og kinoframsying av filmen *Plastic Ocean* i samband med bygginga av Blue-Boss-Bob.

Under: Bømlø-Nytt 30. August 2017 skriv om open dag under byggefasen, samt om turnéplanane.



**IMPONERT:** Bjørnar på 1,5 år let seg imponera og forundra over fiskefigurane på vegen, trygg på mamma Brita Sortland Servan sin arm



**HJELPER TIL:** Sjur Staveland Sæter 4,5 år festar skjell på skulpturen. Fyrst fekk han litt hjelp, seinare fekk han inn skruer etter skruer heilt sjølv.

# Fisken vil på tur

I går var fisken klar for å visa seg fram, seinare vil han på tur. Den blå fisken er designa av den profesjonelle søppelkunstnaren Elisabeth Roberts, frå USA. Plasten er henta frå strendene kring kommunen vår. Dei har nok å ta av.

Janne Robberstad som leiar prosjektet for Bømlø Kunstlag fortalde laurdag at dei vona å ha fisken ferdig tysdag. Fyrst skal han truleg stå i kulturhuset, seinare vil dei gjerne ta han med på tur rundt om.

– Sunnhordland er eit fint område å starta i, seier Robberstad. Han er veldig tung, så han kan ikkje stå kvar som helst og ute kan han heller ikkje stå i lengda, då smuldrar plasten og blir mikroskopisk og det er ikkje ein del av prosjektet, smiler Janne Robberstad.

– Me kan ikkje samla plast for å senda mikroplast tilbake i naturen.

Laurdag stod altså prosjektet

i veteranlaget sin hall i Autogarden i Rubbestadneset. Her var folk inviterte til å delta.

Og folk kom. Sakte seig det på med store og små og ingen fekk gå att før dei hadde bidrege med eitt feste eller to. Slik det såg ut laurdag vert det ein fargerik fisk som kan minna litt om blåstål. Det har alltid vore vår "akvariefisk" den vakraste og mest fargerike under kaiane.

Mariann Gerdsdotter Sagvåg



**FINNEN:** Ryggfinnen ligg ein annan stad i verkstaden. Her står Ruth Mallinson og Hilja Sotkajärvi Pouljo og festar spor på finnen.





Blue-Boss-Bob har alt fleire venner og støttespelarar: Hordaland Fylkeskommune, Norske Kunstforeningar, Wårtsilå, Bømlo Veteranklubb, alle ungane i Maurtua og Espira barnehagar på Bømlo, samt ein god del private Sunnhordlendingar i alle aldrar.